

Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Reidun Elin Johannessen	FA - A20	15/2013

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
43/2015	Utval for levekår	PS	08.09.2015
66/2015	Kommunestyret	PS	09.09.2015

Tilstandsrapport skuleåret 2014-15

Vedlegg:

Handlingsplan skule 2015-19

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Som ein del av oppfølgingsansvaret skal det utarbeidast ein årleg rapport om tilstanden i grunnskoleopplæringa knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. kommunestyret, fylkestinget og den øvste leiinga ved dei private grunnskolane» (jf. opplæringslova § 13-10).

Vurdering

Tilstandsrapporten er gjort på grunnlag av statistiske fakta om skulane sine ressursar og resultata frå prøver, kartleggingar og undersøkingar. Tilstandsrapporten inneheldt vurdering av desse og forslag til tiltak for forbetring.

Konklusjon

Resultat i tilstandsrapporten for skuleåret 2014-15 leggjast fram for drøfting Utval for levekår og Kommunestyret jf. Opplæringslova § 13-10.

Framlegg til vedtak:

Tilstandsrapport for skuleåret 2014-15 leggjast fram for drøfting i Utval for levekår og i Kommunestyret jf. Opplæringslova § 13-10.

Utval for levekår - 43/2015

ULK - behandling:

Skrivet "Frafall i videregående skole (B)" vart delt ut.

Framlegg til vedtak i møtet:

Kommunestyret tar tilstandsrapporten for skuleåret 2014 – 2015 til orientering. Det er viktig at handlingsplanen har tydelege mål:• Nullvisjon om mobbing i skulen• Vidareføre målsetjingar frå prosjektet Betre læringsmiljø: • Klasseleiing• Relasjonsbygging• Reglar og konsekvensar• Læringstrykk• Bättre resultat på nasjonale prøver i lesing – over fylkesnivå etter 2015 • Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og rekning• Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving• Utarbeide strategiplan på realfaga i 2015-2016.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ULK - vedtak:

Kommunestyret tar tilstandsrapporten for skuleåret 2014 – 2015 til orientering. Det er viktig at handlingsplanen har tydelege mål:

- Nullvisjon om mobbing i skulen
- Vidareføre målsetjingar frå prosjektet Betre læringsmiljø
- Klasseleiing
- Relasjonsbygging
- Reglar og konsekvensar
- Læringstrykk
- Bättre resultat på nasjonale prøver i lesing – over fylkesnivå etter 2015
- Løfte fleire elevar over meistringsnivå 1 i lesing og rekning
- Utvikle gode prosessar for samarbeid og kompetanseheving
- Utarbeide strategiplan på realfaga i 2015-2016.